



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgtelefon  
Silje Haaskjold Sætre, 5557 2237

Vår dato  
27.07.2015  
Deres dato

Vår referanse  
2015/10291  
Deres referanse

Radøy kommune v/rådmann  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

### **Melding om tilsyn med Radøy kommune, Radøy Velferdssenter**

Fylkesmannen skal føre tilsyn med helsepersonell og helsetenester i fylket, jf. lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten §§ 2 og 3. Vi har planlagt å føre tilsyn med Radøy kommune, Radøy Velferdssenter 20.-21. oktober 2015.

Tilsynet gjeld tvungen helsehjelp etter lov om pasient- og brukerrettigheter kapittel 4A til pasientar i sjukeheim. Tilsynet vil ha særleg fokus på:

- identifisering av motstand og vurdering av samtykkekompetanse
- bruk av tillitskapande tiltak
- helsefaglege vurderinger av om helsehjelp kan gjennomførast med tvang

Regelverk som blir lagt til grunn ved tilsynet er:

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten
- Lov av 24. juni 2011 om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter
- Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.
- Forskrift av 14. november 1988 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie
- Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal
- Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten
- Forskrift av 27. juni 2003 nr. 792 om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene
- Forskrift av 12. november 2010 nr. 1426 om en verdig eldreomsorg

Innan 14. september 2015 ber vi om at det blir utpeika ein kontaktperson for tilsynet og om å få tilsendt følgjande dokument:

1. Organisasjonskart, stillingomtalar og eller andre dokument som gjeld fordeling av ansvar, mynde og oppgåver for
  - styrar/leiar ved sjukeheimen
  - avdelingsleiarar/gruppeleiarar
  - sjukeheimslege
2. Opplysningar om sjukeheimen, avdelingar/grupper, talet på plassar i kvar eining og kva pasientgrupper den einskilde avdelinga er tilrettelagt for
3. Namn på sjukeheimslege
4. Namn på leiarar og tilsette på dei ulike avdelingane/gruppene med opplysningar om stillingsbrøk og kor lenge den einskilde har vore tilsette
5. Eventuelle skriftelege rutinar eller informasjon om praksis ved vurdering av og avgjerd om samtykkekompetanse

6. Eventuelle skriftlege rutinar og/eller informasjon om praksis i samband med vurdering og vedtak om helsehjelp som pasienten set seg i mot
7. Opplysning om kven som er overordna fagleg ansvarleg for vedtak etter pasient- og brukerrettigheter kapittel 4A og kva ansvar og oppgåver som er lagt til denne funksjonen
8. Informasjon om kva journalsystem som er ved sjukeheimen og eventuelle skriftlege rutinar for journalføring
9. Opplæringsplan /- program for fast tilsette, nytilsette, vikarar og ufaglærte
10. Opplysningar om opplæring som er gitt til tilsette siste året om regelverk, eventuelle skriftlege rutinar og praksis som gjeld samtykkekompetanse og helsehjelp som pasienten set seg imot
11. Opplysningar om rutinar og aktivitetar som inngår i leiinga si oppfølging og gjennomgang av styringssystemet (internkontrollen) ved sjukeheimen

Dersom det er mest praktisk å sende dokumenta som e-post, ber vi om at dei blir sende til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Tilsynet blir gjennomført som systemrevisjon. Det inneber innhenting og gjennomgang av skriftleg dokumentasjon, intervju med relevant personell og gjennomgang av pasientjournalar.

For at det i ettertid ikkje skal kome spørsmål om nokon har hatt urettmessig tilgang til pasientjournalane, ber vi om tilgang med eigen brukaridentitet for tre personar. Heimel for å be om innsyn er helse- og omsorgstenestelova § 5-9.

Program for tilsynet blir sendt i veke 40. Tidspunkt for møte, intervju, journalgjennomgang, og namna på personane vi ønskjer å intervju vil gå fram av programmet.

Frå vår side er det ønskjeleg om alle som er sett opp til intervju, kan delta på opningsmøtet og sluttmøtet. Vi ber om å få disponere eit møterom med plass til 10-12 personar for gjennomføring av opnings- og sluttmøtet. Intervju kan gjennomførast i det same rommet eller eit mindre rom. Vi ber om at leiinga legg merke til datoane for tilsynet og at det blir lagt til rette for at representantar for leiinga er til stades på opnings- og sluttmøtet.

Tilsynet blir utført av:

Silje Haaskjold Sætre, seniorrådgjevar (leiari for tilsynet)

Åshild Gjellestad, seniorrådgjevar/sjukepleiar

Kristin Cotta Schønberg, assisterande fylkeslege

Ved spørsmål om tilsynet er kontaktperson er Silje Haaskjold Sætre, telefonnr. 55 57 22 37 [fmhoshs@fylkesmannen.no](mailto:fmhoshs@fylkesmannen.no).

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Silje Haaskjold Sætre  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*